

SOGNDAL ELDRERÅD

Referat etter møte i Sogndal eldreråd



Stad: Sogndal Velferdssenter

Tid : Onsdag 16.november 2011

Desse møtte: Arne Bjelde, Kjetil Ertesvåg, Ivar Berge, Arnor Mannsverk, Reidun Øygard Sørensen og sekretær Åge Vedvik.

Forfall frå: Edit Flatland.

Sak 20/11 : Godkjenning av innkalling og referat frå møte 07.09.2011

- Innkalling og referat vart samrøystes godkjent.

Sak 21/11: Innkomne skriv og meldingar

- Invitasjon til koordinatoropplæring i kantina til ISP Sogndal, 10.november og 11.november`11. Eldrerådet var ikkje representert.
- Invitasjon frå Pasient- og brukarombodet i Sogn og Fjordane, kontakt / informasjonsmøte 17.november`11 i Førde. Sogndal eldreråd sende ingen representantar til dette kontaktmøte. Medlemmene har i møte i Sogndal 8.juni 2010 og regionsamling på Hafslo i 2011, fått aktuell informasjon frå ombodet.
- Brev frå Sogndal kommune v/ kultursjef Mundal. Oppfordring til alle frivillige lag og organisasjonar om å aktivt bruke kultur / aktivitetskalender på kommunen si nettside.
- Brev frå Sogndal kommune om medlemmer i Sogndal eldreråd for komande periode. I kommunestyremøte 3.november, vart Eline Orheim valt som ny politisk medlem i rådet for Kjetil Ertesvåg. Hans I. Haugen fortsett som personleg vara.
- Invitasjon frå ordførar og rådmann til fellesmøte med Rådet for funksjonshemma, fredag 25.november`11.
- Ventar på tilbakemelding frå kommunen/vaktmester om bruk av ledig rom til aktivitet/trimrom i Leighota 3.

Sak 22/11 : Eldredagen 2011, evaluering

- Eldredagen vart gjennomført laurdag 1.oktober, med 15 deltakara. Fin markering av dagen med spasertur i fint vær frå kommunehuset om SOS / Trudvang til Velferdssenteret. Kjetil og Arne var ”guidar” på turen. Nokre stod over spaserturen og møtte direkte på Velferdssenteret. Vertinna Bjørg serverte kaffi og kaker. Program: trekkspelmusikk ved Harald Berkvam, lesestund ved Karen Dalaker og felles songstund.
- Grunna lita oppmøte dei siste åra, vil eldrerådet vurdere andre alternativ for gjennomføring av eldredagen i Sogndal, for dei komande åra.

Sak 23/11 : Regionsmøte 2012, planlegging

- Leiar refererte frå regionsmøte på Hafslo som var i vår.
- Sogndal kommune / Sogndal eldreråd skal vere arrangør i 2012. Vi sette opp nokre punkt for vidare utarbeiding: dato for regionsmøte, tidsplan/program for dagen, tema, finne passende lokale for ca. 40 deltakara og lage liste over aktuelle møtedeltakara.

Sak 24/11 : SOS, skisseprosjektet

- Eldrerådet og Rådet for funksjonshemma hadde 28.september`11 eit fellesmøte der tema var SOS – skisseprosjektet. Ordførar Aarvoll var tilstades på første del av møte. Han orienterte om bakgrunnen for skisseprosjektet og svarte på spørsmål frå medlemmene. Det vart i etterkant av møte laga eit skriv frå råda til kommunen med kommentarar til skisseprosjektet (sjå vedlegg). Sogn Avis hadde omtale i avisa, der dette skrivet vart brukt som grunnlag for omtalen. Medlem i eldrerådet, Kjetil Ertesvåg har vore på talarstolen i kommunestyremøte, der han har orientert om eldrerådet sitt syn på dette skisseprosjektet.

Sak 25/11: Eldrebustader på Kaupanger

- Det er ynskje om eldrebustader i bygda. Det er fleire eldre som ynskjer å bu einklare og med ”eldrebølgja” i vente, vil etterspurnaden generelt verte større. Dette er sak som Sogndal eldreråd har teke opp tidlegare og vil verte følgt opp i framtidige møter.

Sak 26/11: Ymse

- Eldrerådet ved leiar Arne Bjelde, takka Kjetil Ertesvåg for godt samarbeid over 2 periodar som politisk valt medlem i eldrerådet.
- Neste møte: Fellesmøte med Rådet for funksjonshemma, ordførar og rådmann. Fredag 25.november`11, kl 10-11:30 på kommunehuset.
- Neste styremøte i eldrerådet: Januar`12, dato og tid etter nærmare avtale.

Me avslutta med gode rundstykke, kaffi og hellekaker.

Sogndal 21.november 2011.

Arne Bjelde
Leiar

Åge Vedvik
Sekretær

Kopi til : Sogndal kommune v/ordførar, Sogndal pensjonistlag v/Karen Dalaker , Rådet for funksjonshemma v/Alfred Brusegard, Sogn Avis og Fylkesrådet for eldre v/Britt Marie Norheim.